



Jarle Hella Sørensen
Naustvika 39
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3944 - 14/15831

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
17.10.2014

Godkjenning- Oppføring av garasje på Gbnr 51/148 på landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 296/2014

Eigedom: 51/148

Byggjeplass: Landsvik

Planstatus: Reguleringsplan for Naustvika på Landsvik- bustad

Søknad om: Oppføring av garasje

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteke 07.10. 2014 i Meland kommune. Byggmester Steinar Thunold har på vegne av eigar av Gbnr 51/148 søkt om bygging av garasje på 49,28 m2 på Landsvik.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Naustvika på Landsvik regulsrt til bustad.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 10.09.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 07.10.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillatt grad av utnytting på tomta (% TU/BRA) er 25 %. Følgjeleg samsvarer tiltaket med

reguleringsplanen.

Planløsning og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløsning og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til bygging av garasje på Gbnr 51/148 på Landsvik i samsvar med søknad motteke 07.10. 2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 07.10 .2014

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Jarle Hella Sørensen

Naustvika 39

5917

ROSSLAND

Byggmester Steinar Thunold AS

Solsmittet 2

5136

MJØLKERÅEN